



Statens vegvesen

Likelydande brev – sjå vedlagde liste

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Elin Fjetland / 51911373

Vår referanse:
15/224630-6

Dykkar referanse:

Vår dato:
30.11.2015

Revisjon av fylkes- og kommunal vegliste 2015 2 . utgåve i Hordaland fylke

Vedlagd følgjer eit eksemplar av vegliste for fylkes- og kommunale vegar i Hordaland fylke 2015 2. utgåve til oppdatering.

Kartverket sine vegnummer (gatekode) og veglengde skal vere påført alle vegstrekningar i veglista. Du finn rettleiing og forklaring til veglista som vedlegg til dette brevet. *Eit Excel-ark du kan nytte til oppdatering er også lagt ved.*

Vi minner om at veglista er ei forskrift som mellom anna gir grunnlag for kontroll av vekt og dimensjonar på køyretøy. Det er difor viktig at opplysningane er rette.

I år er alle kommunar er lagt inn i eitt Excel-dokument (Excel-arket vil bli sendt i eigen epost til postmottaka dykkar).Skriv inn eventuelle endringar i høgre del av Excel-arket i den aktuelle kommunen. Det vil då gå tydeleg fram både i venstre og høgre del av arket kvar de har gjort endringar. Strekningar som tidlegare har vore plassert i gruppa «andre vegar», og som de no definerer med andre verdiar enn dei «andre vegane», kan de leggja inn sist i regnearket. Dette vil vere til hjelp for oss når vi skal oppdatere verdiane som ligg i Nasjonal vegdatabank (NVDB). Vedlegga sender du berre elektronisk.

JERNBANEPLANOVERGANG

Det er strenge reglar for tryggleiken på jernbana. De må kontakte Jernbaneverket om de vurderer å tillate større total lengde eller totalvekt på veg over jernbaneplanovergang. Før eventuelle endringar, må Jernbaneverket vurdere om auka vekt eller dimensjon vil medføre auka risiko som er uakseptabel. Vurderinga frå Jernbaneverket må følge med tilbakemeldinga dykkar på dette brevet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Lagårdsveien 80
4010 STAVANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

TØMMER

Vi ber dykk særleg om å vurdere strekningar som kan opnast for 22/24 m vogntoglengde og 56/60 tonn totalvekt for tømmervogntog.

ELVEG

Når det gjeld endringar på det kommunale vegnettet til bruk i ELVEG skal dette **ikkje** sendast inn til Statens vegvesen, men til Statens Kartverk.

- Tillate/skilta fart
- Svingrestriksjonar
- Innkjøring forbode
- Fysisk sperre, ev. bom, sluser (buss-sluse), utrykkingskjøretøy
- Høgderestriksjonar
- Endring av vegnummer (omklassifisering av veg m.m.)

sendes på epost til aina.gundersby@kartverket.no eller tlf. 32 11 84 15/416 51 244.

Nye lister gjeld frå 1. april 2016. Vi treng tid til å oppdatere NVDB og til å publisere på vegvesen.no. Vi ber difor om tilbakemelding frå dykk **innan 1. mars 2016**. Tilbakemeldinga dykkar ser vi på som vedtak om endra klassifisering av kommunale vegar.

Vi ber dykk svare på dette brevet sjølv om kommunen ikkje har endringar i vegnettet.

Dersom de har spørsmål eller kommentarar, kan de stille desse til Elin Fjetland på tlf. 992 68 100 eller sende e-post til elin.fjetland@vegvesen.no

Byggherreseksjonen
Med helsing

Øyvind Haaland
Seksjonssjef

Fjetland Elin

Vedlegg: 5

Likelydande brev sendt til

Askøy kommune, Postboks 323, 5323 KLEPPESTØ
Austevoll kommune, Kommunehuset, 5392 STOREBØ
Austrheim kommune, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM
Bergen kommune, Postboks 7700, 5020 BERGEN
Bømlo kommune, Kommunehuset, 5430 BREMNES
Eidfjord kommune, Simadalsveien 1, 5783 EIDFJORD
Etne kommune, Postboks 54, 5591 ETNE
Fedje kommune, Kommunehuset, 5947 FEDJE
Fitjar kommune, Postboks 83, 5418 FITJAR
Fjell kommune, Postboks 184, 5342 STRAUME
Fusa kommune, Postboks 24, 5649 EIKELANDSOSEN
Granvin herad, Postboks 13, 5733 GRANVIN
Jondal kommune, 5627 JONDAL
Kvam kommune,
Kvinnherad kommune, 5470 ROSENDAL
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ
Masfjorden kommune, Postboks 23, 5981 MASFJORDNES
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG
Modalen kommune, Postboks 44, 5729 MODALEN
Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA
Os kommune i Hordaland,
Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG
Radøy kommune, Krossvegen 8, 5936 MANGER
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 TYSSE
Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG
Sveio kommune, Postboks 40, 5559 SVEIO
Tysnes kommune, Rådhuset, 5685 UGGDAL
Ullensvang herad, 5780 KINSARVIK
Ulvik herad, Skeiesvegen 5, 5730 ULVIK
Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgate 16 , 5722 DALEKVAM
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS
Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 RONG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.